# Avdeling for allmenne fag

**EKSAMEN**

**I**

**157 Kommunal planlegging og forvaltning**

**11.12.03**

| | |
|---|---|
| Tid: | Kl. 09.00 – 13.00 |
| Målform: | Bokmål/nynorsk |
| Sidetall: | 2 + forside |
| Hjelpemiddel: | Plan- og bygningsloven, Forurensningsloven og Forvaltningsloven |
| Merknader: | Ved bedømming teller oppgave 1, 2, 3 og 4 likt |
| Vedlegg: | 3 sider – Reguleringsbestemmelser, plankart og høydekart (NB! Kopi på begge sider) |

**Eksamensresultata blir offentliggjort på lister med kandidatnummer, lagt i hyllene ved eksamensoppslagstavla**, eller du kan gå inn på Arena høgskole – da trenger du heller ikke kandidatnummeret.

**BOKMÅL:**

**Oppgave 1: Forvaltningen**

a) Gi en kort forklaring på følgende begrep:
   - Hjemmel
   - Rettskilde
   - Legalitetsprinsippet

b) Fremstill skjematisk hovedoppbyggingen til det norske forvaltningssystemet, politisk og administrativt

c) Den offentlige forvaltningen utfører en rekke oppgaver. Vis på hvilke måter lovverket ivaretar den enkelte borgers interesser overfor forvaltningen

**Oppgave 2: Fysisk planlegging**

"Universell utforming" er i dag et satsningsområde. Det innebærer at våre fysiske omgivelser skal planlegges og utformes slik at de passer for alle

a) Hvilke befolkningsgrupper må vi først og fremst ta hensyn til? Gi en punktvis og kortfattet forklaring

b) Hvilke faktorer bør spesielt vektlegges i arbeidet med å få til god tilgjengelighet og gode fysiske omgivelser?

c) Hvilke virkemidler i henhold til Plan- og bygningsloven har kommunen til å gjennomføre nasjonale politiske målsettinger og vedtak om universell utforming?

**Oppgave 3 Gaustautbyggingen**

Et viktig formål med fysisk planlegging er å kartlegge, avklare og samordne ulike interesser i et område. Arbeidet med utbyggingen av Gaustaområdet har vist til dels store interessemotsetninger mellom ulike aktører

a) Drøft kort de interessemotsetningene du mener er til stede i denne saken og bruk gjerne din egen semesteroppgave som utgangspunkt for besvarelsen

b) Planleggingssituasjoner kan klassifiseres ut fra dimensjonene enig/uenig om mål, og kjent/ukjent om teknologi eller løsning. Lag et slikt diagram og forklar diagrammet med bruk av eksempler fra Gaustautbyggingen

**Oppgave 4: Munken**
Vedlagt følger dokumentasjon på stadfesting av reguleringsplan for øya Munken i Norsjø, samt reguleringsbestemmelser og plankart for øya. Saken er et godt eksempel på at utbygging langs vann og vassdrag øker i omfang. Til forskjell fra utbygging innenfor 100-metersbelte langs sjøen (pbl § 17-2), er det i utgangspunktet opp til den enkelte kommune å avgjøre hvordan utbyggingen skal skje langs vann og vassdrag (pbl § 20-4 f).

a) Saken bruker to velkjente begrep; innsigelse og mekling. Forklar kort betydningen av disse

b) Vis skjematisk den normale saksgangen i et reguleringsarbeid fra igangsetting til godkjenning

c) Er du enig med Miljøverndepartementets vedtak om hytteutbygging innefor 100-metersbelte på Munken? Drøft alternative løsninger, og argumenter for ditt syn og dine anbefalinger

**Reguleringsplan for Munken i Norsjø - stadfestet**

Kommunestyret vedtok forslag til reguleringsplan for Munken den 7. mars 2002. I forslaget var det avsatt hytteområder for i alt 19 nye hytter og et område for campinghytter og kafé. Ellers var det avsatt blant annet badeplasser, friluftsområder, kulturlandskap og bevaringsområder. Fylkesmannen hadde innsigelse til planen (p.g.a. utbygging innenfor 100-metersbeltet langs vassdrag), og det ble derfor avholdt mekling i saken den 25.oktober 2002. Det var et viktig moment i innsigelsen at ved utbygging på Munken kunne det bli utbyggingspress på andre lignende områder i Grenland. Imidlertid kom ikke kommunen og fylkesmannen til enighet gjennom meklingen, og saken ble oversendt departementet 13.januar 2003.

12.mai 2003 ble det avholdt befaring og tilhørende møte på stedet med representanter for kommunen, fylkesmannen, Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet. Grunneierne var også tilstede.

I brev av 2.juni 2003 tilrår Direktoratet at innsigelsen fra fylkesmannen ikke blir tatt til følge.

Avgjørelsen fra departementet mottok kommunen i brev av 30.juni 2003: *"I medhold av § 27-2 nr. 2 i plan- og bygningsloven av 14.juni 1985 finner departementet å kunne stadfeste Nome kommunestyres vedtak 7. mars 2002 om reguleringsplan for Munken i Norsjø, med noen mindre endringer i bestemmelsene. Innsigelsen fra fylkesmannen tas etter dette ikke til følge."*

Departementet mener at utbygging av hytter og campingvirksomhet i en avstand av 50-100 meter fra vannet i dette tilfellet kan godtas.

**NYNORSK:**

**Oppgåve 1: Forvaltninga**

a) Gi ei kort forklaring på følgjande omgrep:
   - Heimel
   - Rettskjelde
   - Legalitetsprinsippet

b) Framstill skjematisk hovudoppbygginga til det norske forvaltningssystemet, politisk og administrativt

c) Den offentlege forvaltninga utfører ei rekke oppgåver. Vis på kva måtar lovverket ivaretek den enkelte borgars interesser overfor forvaltninga

**Oppgåve 2: Fysisk planlegging**

"Universell utforming" er i dag eit satsingsområde. Det inneberer at våre fysiske omgjevnadar skal planleggast og utformast slik at dei passar for alle

a) Kva for befolkningsgrupper må vi først og fremst ta omsyn til? Gi ei punktvis og kortfatta forklaring

b) Kva faktorar bør spesielt vektleggast i arbeidet med å få til god tilgjengelegheit og gode fysiske omgjevnadar?

c) Kva for verkemiddel i høve til Plan- og bygningsloven har kommunen til å gjennomføre nasjonale politiske målsettingar og vedtak om universell utforming?

**Oppgåve 3: Gaustautbygginga**

Eit viktig formål med fysisk planlegging er å kartlegge, avklare og samordne ulike interesser i eit område. Arbeidet med utbygginga av Gaustaområdet har vist til dels store interessemotsetningar mellom ulike aktørar

a) Drøft kort dei interessemotsetningane du meiner er tilstades i denne saka og bruk gjerne di eiga semesteroppgåve som utgangspunkt for svaret

b) Planleggingssituasjonar kan klassifiserast ut frå dimensjonane einig/ueinig om mål, og kjent/ukjent om teknologi eller løysing. Lag eit slikt diagram og forklar diagrammet med bruk av eksempel frå Gaustautbygginga

**Oppgåve 4: Munken**
Vedlagt følgjer dokumentasjon på stadfesting av reguleringsplan for øya Munken i Norsjø, samt reguleringsbestemmingar og plankart for øya. Saka er eit godt eksempel på at utbygging langs vatn og vassdrag aukar i omfang. Til forskjell frå utbygging innanfor 100-metersbeltet langs sjøen (pbl § 17-2), er det i utgangspunktet opp til den enkelte kommune å avgjøre korleis utbygginga skal skje langs vatn og vassdrag (pbl § 20-4 f).

a) Saka bruker to velkjente omgrep; innvending (innsigelse) og mekling. Forklar kort kva dei betyr

b) Vis skjematisk den normale saksgangen i eit reguleringsarbeid frå igangsetting til godkjenning

c) Er du einig med Miljøverndepartementets vedtak om hytteutbygging innafor 100-metersbeltet på Munken? Drøft alternative løysingar, og argumenter for ditt syn og dine anbefalingar

**Reguleringsplan for Munken i Norsjø -stadfestet**

Kommunestyret vedtok forslag til reguleringsplan for Munken den 7. mars 2002. I forslaget var det sett av hytteområde for i alt 19 nye hytter og eit område for campinghytter og kafé. Elles var det sett av blant anna badeplassar, friluftsområde, kulturlandskap og bevaringsområde. Fylkesmannen hadde innvendingar (innsigelse) til planen (p.g.a. utbygging innanfor 100-metersbeltet langs vassdrag), og det vart derfor halde mekling i saka den 25.oktober 2002. Det var eit viktig moment i innvendinga (innsigelsen) at ved utbygging på Munken kunne det bli utbyggingspress på andre liknande områder i Grenland. Likevel kom ikkje kommunen og fylkesmannen til einigheit gjennom meklinga, og saka vart oversendt departementet 13.januar 2003.

12.mai 2003 vart det halde synfaring og tilhøyrande møte på staden med representantar for kommunen, fylkesmannen, Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet. Grunneigarane var også tilstades.

I brev av 2.juni 2003 tilrår Direktoratet at innvendinga (innsigelsen) frå fylkesmannen ikkje blir tatt til følgje.

Avgjersla frå departementet mottok kommunen i brev av 30.juni 2003: *"I medhold av § 27-2 nr. 2 i plan- og bygningsloven av 14.juni 1985 finner departementet å kunne stadfeste Nome kommunestyres vedtak 7. mars 2002 om reguleringsplan for Munken i Norsjø, med noen mindre endringer i bestemmelsene. Innsigelsen fra fylkesmannen tas etter dette ikke til følge."*

Departementet meiner at utbygging av hytter og campingverksamd i ein avstand av 50-100 meter frå vatnet i dette tilfellet kan godtakast.